

# KONFIRMANTPOSTEN

August 2017

## Velkommen til konfirmanttida

**N**o gler me oss til å ta til med konfirmantundervisinga. Til no har me omlag 130 konfirmantar registrert i sytemet vårt.

**I**denne sendinga finn de oversikt over kven som er med på dei ulike undervisingsopplegga. Alle fekk diverre ikkje førsteynskjet sitt.

**D**e finn òg lista over kven som skal konfirmerast når i denne sendinga. Fint om de sjekker at det stemmer. Denne lista er førebels, så ingen treng bli stressa om det ikkje

stemmer med det de har planlagt.




**K**alendaren for året finn de bak i denne konfirmantposten. Ta vare på oppsettet og reglane slik at de har dei og hugsar dei. Så skal me minna dykk på det som skal skje utover. Hugs at foreldra òg må få sjå Konfirmantposten. Informasjon om det som skjer vil verte sendt på SMS og så vil de finne det på nettsida vår.

**D**ei ulike konfirmantopplegga har sine egne program. Dette får de veta meir om etter kvart.

**M**e vonar de kjem til å trivast med konfirmantundervisinga. Skulle de lura på noko, så ta kontakt.

**V**eit de om nokon som ikkje har fått denne sendinga, men som trur dei er påmeldt må de be dei ta kontakt med oss så fort som råd.



# Felles start for alle

## Foreldremøte i Vangskyrkja onsdag 23. august kl. 19:30.


### G U D S T E N E S T E med presentasjon

Vangskyrkja, søndag 27. august kl. 11:00

Raundalen kyrkje, søndag 1. oktober kl. 17:00

Evanger kyrkje, søndag 24. september kl. 15:00

Konfirmantane vert presenterte for kyrkjelyden i den kyrkja dei høyrer til. Me vonar mange, både slekt og vener, kjem og er med på dette.



### U N D E R V I S I N G i Vonheim.

Søndag 27. august kl. 12:30-15.

ALLE konfirmantane (Voss, Evanger og Raundalen) er med på dette. Her får de Konfirmantbibelen og de får læra meir om denne boka.

Onsdag 6. sept. (A, B, C) og torsdag 7. sept. (D, E, F).

Kl. 15-17 begge dagar. Tema er gudsteneste. Staden er Vangskyrkja

Tysdag 31. oktober: Teater: "Martin" i Vangskyrkja.



## Leiarar

### HER FINN DU OSS

Rønnaug Skjeldal 95262025

kateket@voss.kyrkja.no

Kjersti B. Boge 95262022

kjersti.brakestad.boge@voss.kyrkja.no

Cato Torsvik 97423459

cato.torsvik@voss.kyrkja.no

Kyrkjekontoret, Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss

Tlf. til kontoret 56 52 38 80

[www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no)

# Reglar

Konfirmasjon er friviljug, men når ein har meldt seg på er det nokre reglar som gjeld:

- Møte i rett tid.
- Gje melding om du er sjuk eller har anna gyldig fråver.
- Ha med Bibelen, om du ikkje får annan beskjed.
- Gjer ditt til at det er ro og orden når me samlast. Dette gjeld òg på gudstenester.
- Mobil skal vera avslått på samlingar og i kyrkja.
- Behandle andre med respekt og omtanke.
- Alle rusmiddel er forbode på alle våre samlingar.
- Snop/brus skal ikkje etast på samlingane.

## REFLEKS-KONFIRMANTAR

Reflekskonfirmantane startar torsdag 24. august. Konfirmantane møter i Vonheim kl. 17:00. Sjølve øvinga varer frå kl. 18:00-21:00

## KRIK- OG GOLF-KONFIRMANTAR


Golf og KRIK har fått informasjon om oppstart.

## ALPHA - KONFIRMANTAR

Me startar tysdag 12. september. Møt i Vangskyrkja rett etter skulen. Det er lurt å ha med litt ekstra mat! Samlingane vert desse vekene i haust: 37, 39, 40, 43, 45, og 48.

## QUIZ OG BIBEL, VIDEO OG BIBEL

Desse gruppene får melding når Cato Torsvik, nyepresten, er på plass.



Oppstart

# Viktige datoar konfirmantåret 2017 -2018

## felles for konfirmantane

(oppdatert august 2017, endringar kan koma)

| Månad     | Dag og dato | Kva skjer  | Stad           | Tid                                    |
|-----------|-------------|--|----------------|--|
| August    | Onsdag 23.  | Foreldremøte   | Vangskyrkja    | Kl. 19:30                              |
|           | Sundag 27.  | Konfirmantpresentasjon<br>Vossakonfirmantane         | Vangskyrkja    | Kl. 11:00-12:00                        |
|           | Sundag 27.  | Temasamling: Bibelen<br>ALLE konfirmantane           | Vonheim        | Kl. 12:30-15:00                        |
| September | Onsdag 6.   | Tema: Gudsteneste for A, B og C                      | Vangskyrkja    | Kl. 15:00-17:00                        |
|           | Torsdag 7.  | Tema: Gudsteneste for D, E og F                      | Vangskyrkja    | Kl. 15:00-17:00                        |
|           | Sundag 24.  | Konfirmantpresentasjon<br>Evangerkonfirmantane       | Evanger kyrkje | Kl. 15:00                              |
| Oktober   | Sundag 01.  | Konfirmantpresentasjon<br>Raundalen                  | Raundalskyrkja | Kl. 17:00                              |
|           | Tysdag 31.  | Martin. Teater                                       | Vangskyrkja    | Tidspunkt kjem                         |
| November  | Dato kjem   | Tema: Gute-/jenteseminar<br>ALLE konfirmantane       | Vonheim        | Kl. 17:30-20:00                        |
|           | Dato kjem   | Lysmesse, Evangerkonfirmantane                       | Stad kjem      | Tidspunkt kjem                         |
| Desember  | Sundag 10.  | Lysmesse   | Vangskyrkja    | 18:00                                  |
| Januar    | Onsdag 4.   | Foreldremøte   | Vangskyrkja    | Kl. 19:30                              |
|           | 19.-21.     | Konfirmantleir for A, B og C                         | Helgatun       | Fredag kl. 16:00 -<br>sundag kl. 13:00 |
|           | 26.-28.     | Konfirmantleir for D, E og F                         | Helgatun       | Fredag kl. 16:00 -<br>sundag kl. 13:00 |
| Februar   | Sundag 11.  | Ung Messe  | Idrettshallen  | Kl. 12:00                              |
| Mars      | Onsdag 14.  | Tema: Fasteaksjonen<br>ALLE konfirmantar og foreldre | Vangskyrkja    | Kl. 18:00                              |
|           | Måndag 19.  | Fasteaksjon Evanger                                  | Evanger kyrkje | Tidspunkt kjem                         |
|           | Tysdag 20.  | Fasteaksjon Voss og Raundalen                        | Vonheim        | 17:00-20:00                            |
| April     | Dato kjem   | Tema: Livsmeistring                                  | Vonheim        | Tidspunkt kjem                         |
| Mai       |             | Øving til konfirmasjon og konfirmasjon.              |                | Tidspunkt kjem                         |

Dei ulike undervisningsgruppene har sine samlingar i tillegg til dette.

Alle må òg hugse å vera med på sju gudstenester. Gudstenester er det i kyrkjene våre på sundagane. Oftast startar dei kl. 11:00. Det er òg mogeleg å vera med på gudstenester andre stader i landet. Då får de ein bekreftelse frå prest/kyrkjetenar i den kyrkja de er i, på at de ha vore der. Denne leverer de til konfirmantlæraren etterpå.

